



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

Sak nr 21/2014

Møtedato: 3.9.14

Møtestad: Slidretun

Saksbehandlar: Harald Ranum

S 650, Grønsenn – søknad om oppføring av sel

Margit Bratvold søker i brev dater 12.6.14 om å få setja opp nytt sel på stølen i Grønsenn. Det gamle selet skal rivast og det blir søkt om å få plassere selet der det gamle selet står. Det omsøkte selet er 6,9 m x 10,2 m; 70,38 m². Alt areal er målt i bebygd areal (BYA). Teikning av grunnriss og foto av selet er lagt ved søknaden. Selet er tenkt bygd av lammelltømmer. Retning på raustet skal vera som det gamle selet.

Administrasjon har vore på staden og målt opp arealet på det gamle selet. Totalt areal er på 71,5 m², 51,5 m² i 1.etg og 20 m² i 2.etg. Det var eit areal i kjellaren på 23 m², men takhøgda er 1,8 m og er ikkje teljande areal. Kjellaren har tidlegare vorte som kokehus.

Bratvold har tidlegare fått midlertidig løyve plassere ei brakke og uthus øvst på stølsvollen i påvente til ho fekk avgjort om det gamle selet skulle restaurerast eller rivast. Ho søker no om å få behalde dette som kokehus/uthus. Desse husa ligg på motsatt ende av stølsvillinga; ca i 150 meter avstand.

Vidare søker Bratvold om å flytte fjøset inn på jordet. Bakgrunn for dette er at noverande plassering er uheldig. Bratvold ber fjellstyre vurdere ny plassering av fjøset.

Bratvold søkte om nytt sel i 2013 og i sak 30/13 gjorde fjellstyret følgjande vedtak: *Før det kan takast endeleg avgjerd om søknad om nytt sel, må fjellstyret få bruksareal på det gamle selet.*

Vidare må søkjar òg leggja fram komplette teikningar på nytt sel, inkl. fasadar og snitt, samt kartskisse på kvar det er ynskje om å plassere selet.

Støl i bruk skal behandlast etter §10 i stølsforskrift:

Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal taka stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og det kan setje vilkår. Før fjellstyret gjer vedtak skal saka leggjast fram for Statskog til fråsegn. Dersom fjellstyret vil krevje at hus som alt står, skal rivast, må saka føreleggast for regional kulturminneforvaltning til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved endring eller utviding av hus på seter.

Støl som ikkje er i bruk skal behandlast etter §11 i stølsforskrift:

På seter som ikkje er i bruk, men som ikkje er fallen i det fri, kan seterbrukaren halde husa vedlike på ordinært vis. § 10 andre ledd i denne forskrifta gjeld tilsvarande. Skal seterbrukaren ta opp att seterdrifta, gjeld føresegnene i § 10 i denne forskrifta.

Oppland fylkeskommune i e-post 12.8.14 opplyst at dei ikkje har merknader til søknaden.

Statskog gav den 16.7.14 slik uttale:

Vi viser til henvendelse fra fjellstyre sendt 14. juli, der dere ber om uttale angående byggesak på støl. søker er stølsbruker Margit Bratvold på Grønnsen, i Vestre Slidre statsallmenning.

Bratvold har søkt fjellstyre om å få sette opp nytt sel som erstatning for det gamle selet som står på stølen. Stølsbruker har lagt fram to forskjellige forslag til nytt sel, den 15. august 2013 og nå den 12. juni. Det nye forslaget er en litt mindre og mer kompakt hytte på ca 60 m².

På søknaden i 2013 ga Statskog uttale, datert 2. september, om at vi er positive til at stølsbruker vedlikeholder sine husvære på stølen og at det enkelte ganger kan være nødvendig å rive og bygge nytt. Samtidig etterlyste vi mer opplysninger om drifta på stølen og vi ba fjellstyre ta stilling til status på stølen, før vi kom med en mer konkret uttale.

Statskog fikk tilbakemelding fra Bratvold, den 11. desember 2013, hvor hun blant annet skriver at hun har bestilt noen spelsau, da disse greier seg godt og at de rydder vegetasjon bedre enn andre sauer. Vi fikk ikke tilbakemelding fra fjellstyre angående status på støl.

I den nye søknaden datert 12. juni 2014, står det fortsatt ikke noen om dagens drift. Vi vet ikke om det er sau på hverken gård eller støl. Det siste vi har av informasjon om stølen er at den var i bruk i 1995, men det står ingenting om hva det innebærer.

Vi ber derfor fjellstyre nok en gang om å vurdere status på stølen, ut fra dagens drift. Vi vil deretter komme med en konkret uttale i saken.

Statskog gav den 25.7.14 ny uttale:

Vi viser til ny informasjon tilsendt fra stølsbruker Margit Bratvold, datert 24. juli, i saken og gir med dette Statskogs uttale.

Ny informasjon fra stølsbruker gir ikke klare indikasjoner på om stølen er i bruk eller ikke. Bratvold har kjøpt tre søyer med lam som går i fjellet. I tillegg skal hun forsøke å dyrke hvitløk på stølen.

Vi anser på bakgrunn av dette som stølen for ikke å være i bruk men ikke falt i det fri. Saken skal behandles etter seterforskriften § 11. Statskog har ikke uttalerett, men skal underrette søker om fjellstyrets avgjørelse i saken når denne er vedtatt.

Hyttenabo (F3) Heidi Hesselberg og Lars Markussen har følgende merknader til søknaden:

Kommentar til sak 30/2013 - Margit Bratvold - oppføring av nytt sel på Grønsenn

Det er et viktig prinsipp å beholde stølsområdet i nær likhet med tradisjon. Det er imidlertid et like viktig prinsipp å bedre sel/hytte-plassering hvor det ikke er i konflikt med bevaring, og hvor det er til felles beste for berørte parter.

En plassering av Margit Bratvolds sel på den samme plassen som det revete selet (som ikke har vært i bruk i svært mange år), vil bety en meget nær (25 meter vegg til vegg) plassering til vår hytte (gnr. 94, bnr. 1, fnr. 3). Det er tidligere anlagt vei og gravet ut plass til sel helt øst på hennes stølsjorde. Der står det nå en liten bu og et uthus. Stedet ligger høyere (med klart bedre utsikt) enn vår hytte. Det viktige er imidlertid at en plassering av det nye selet der, vil være langt fra andre sel/hytter. Slik vi ser det, må en plassering av selet der buen står i dag være til beste for alle parter.

Til slutt vil vi nevne at alle sel/hytter i stølsområdet bør ha lik møneretning.

Ut frå kartet ligg selet 7 meter lågare enn fritidsfeste. Det bør derfor ikkje vera til vesentleg ulempe om stølsbrukaren får føre opp nytt sel på same plassering som før. Frå fjellstyret si side er det heller ikkje noko i vegen for at stølsbrukaren ynskjer å bygge ein stad på stølsutmålinga som ligg lengre vekk frå fritidsfeste F3. Bratvold opplyste den 27.8 at ho ikkje ynskjer å endre plassering av selet.

Fjellstyret godkjente i 1995 at stølen var i bruk og stølen er derfor ikkje falle i det fri etter fjellova. Etter dei opplysningar som Bratvold opplyser (sau/kvitlaukproduksjon), reknar Statskog stølen for ikkje å vera i bruk. Landbrukskontoret opplyser at det er fôrproduksjon på garden og at det er det dyrehaldet som er opplyst til Statskog. I tillegg har søkjaren opplyst den 27.8. at ho vil kjøpe inn 2-3 kalvar i haust. Det kan bli aktuelt med meir dyrehald, men det må tilefelle byggast ny driftsbygning heime. For stølar som ikkje er i bruk, blir det normalt godkjent oppføring same areal som tidlegare nå bygg blir erstatta med eit nytt. Sidan det nye selet ikkje er større enn det gamle, vil søknaden kunne godkjennast uavhengig om stølen blir rekna for å vera i bruke eller ikkje. Om den skisserte drifta skal reknast for å vera drift kan diskuterast. Skal stølen godkjennast å vera i bruk, bør dei framtidige planane for drift i så fall dokumenterast gjennom ei driftsplan. For stølar som ikkje er i bruk gjeld følgjande sakbehandling: *Søknader etter første ledd skal sendast til fjellstyret, som handsamar dei og sender dei vidare til Statskog SF, som gjer søkjaren kjent med avgjerda. Vedtak fjellstyret gjer kan påklagast til Statens landbruksforvaltning, jf. § 26 og § 30 i forskrifta.*

Bratvold søkjer også om å få flytte fjøset til ei ny plassering. Ho opplyste den 27.8 at ho hadde rive fjøset. Ho vart då gjort merksam på at ho då ev. må søkjer om å få føre opp nytt fjøs når det ev. blir behov for det.

Bratvold ynskjer å flytte det midlertidige selet ned til det gamle tunet og bruke det som kokehus. Fjellstyret skal etter stølsforskrifta ta stilling til utsjånad på sel og ombygde brakker har ein ikkje godkjent som permanente bygg. Det midlertidige selet kan brukast under arbeidet med nytt sel, men må deretter fjernast. Alternativt må det søkjast på nytt om å få behalde det som kokehus om det blir lagt fram teikningar om på ombygd hus i meir tradisjonell utforming. Det midlertidige uthuset må også fjernast frå eksisterande plassering, men kan ev. brukast som eit uthus til det nye selet.

I brev datert 27.8.14 søkjer Bratvold om å få gjerde ut fritidsfeste F3 som ligg inn på stølsvollen. I utgangspunktet bør slik inngjerding på stølsjorda avgrensast til 0,5 daa, jf. fjellstyrevedtak 35/2000. Festaren har etter festelova i utgangspunktet rett til å disponere 1 daa, men det er likevel ikkje automatisk rett til inngjerding på 1 daa. Sidan festet ligg på stølsjordet er det ikkje sikkert festaren kan disponere like stort. Avgrensing av inngjerding må ein sjå på under befarig med partane for å finne ei praktisk løysing.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret godkjenner etter §11 oppføring av sel på 70,38 m² (BYA). Det gamle midlertidige selet kan brukast i byggeperioden og skal fjernast når det nye selet kan takst i bruk. Fjellstyret godkjenner at det midlertidige uthuset kan flyttast ned til det nye selet.

Søknad om flytting av fjøs blir ikkje teke opp til behandling fordi fjøset er rive. Det må søkjast om nyoppføring om det ev. blir behov for fjøs seinare.

Søknad om inngjerding av fritidsfeste F3 blir utsett til etter befaring i juni 2015.

Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket. Byggeløyvet er ikkje gyldig før kommunen har godkjent søknaden. Dersom bygginga ikkje er starta opp innan 3 år fell løyvet bort.

Saka blir oversendt Statskog, jf. sakbehandlingsrutine etter §11.

Vedtak:

Fjellstyret godkjenner etter §11 oppføring av sel på 70,38 m² (BYA) på omsøkt plass. Det gamle midlertidige selet kan brukast i byggeperioden og skal fjernast når det nye selet kan takst i bruk. Fjellstyret godkjenner at det midlertidige uthuset kan flyttast ned til det nye selet.

Søknad om flytting av fjøs blir ikkje teke opp til behandling fordi fjøset er rive. Det må søkjast om nyoppføring om det ev. blir behov for fjøs seinare.

Søknad om inngjerding av fritidsfeste F3 blir utsett til etter befaring i juni 2015.

Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket. Byggeløyvet er ikkje gyldig før kommunen har godkjent søknaden. Dersom bygginga ikkje er starta opp innan 3 år fell løyvet bort.

Saka blir oversendt Statskog, jf. sakbehandlingsrutine etter §11.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vestre Slidre fjellstyre den 3.9.14

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Statskog
Vestre Slidre kommune
Oppland fylkeskommune
Margit Bratvold